




Høringsnotat

Forslag til endring av forskrift om vern av Herdla naturreservat og fuglefredingsområde i Askøy og Alver kommune.



Innhald

1.	HØRING	3
1.1	Bakgrunn for saka	3
1.2	Verneverdiar	4
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	6
2.	SAKSHANDSAMING	7
2.1	Sakshandsamingsprosessen.....	7
2.2	Heimelsgrunnlag	7
3.	VIKTIGE FORSLAG TIL ENDRINGAR.....	8
3.2	Avgrensing.....	8
3.3	Verneforskrift.....	11
4.	OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLIGERE VERNEVEDTAK.....	14
5.	VEDLEGG	14
	Vedlegg 1. Oppsummering av endringane vi foreslår i vernereglane.	14
	Vedlegg 2. Oppsummering av innkomne innspel ved oppstart og våre kommentarar.....	20
	Vedlegg 3: Forslag til nye vernereglar og vernekart	37

1. HØRING

Statsforvalteren i Vestland legger forslag til ny verneforskrift og nye grenser for Herdla naturreservat ut til høying. Vi foreslår at dagens fuglefredingsområde blir inkludert i naturreservatet, i tillegg foreslår vi ei utviding av det eksisterande verneområdet og endra verneregler.

Tilrådinga omfattar ca. 1 km² med nytt verneareal. I tillegg foreslår vi at om lag 55 daa med sjøareal heilt vest i det som no er fuglefredingsområde og om lag 122 daa med sjøareal heilt sør i dagens fuglefredingsområde tas av verneområdet.

1.1 Bakgrunn for saka

Herdla naturreservat med kringliggende fuglelivsfredingsområde blei oppretta den 28. juni 1985, men området hadde då vore mellombels verna etter naturvernlova sidan 11. juni 1980. Løysinga som blei valt i 1980 var eit naturreservat som omfatta Herdlevalen til eit stykke ut i sjøen på nordsida, omslutta av eit større fuglelivsfredingsområde, sjå kart som er vist i figur 1 i punkt 3.2. Etter om lag førti år ser vi no behov for å revidere både vernekartet og verneforskrifta for å tilpasse dei den situasjonen som er i området i dag. I januar 2022 fekk vi oppdrag frå Miljødirektoratet om å førebu og gjennomføre vidare prosess med utviding av reservatet. Dette blir gjennomført som del av arbeidet med «bevaring av verdifull natur i medhald av naturmangfoldlovens kap. V for område i kategorien supplerande vern».

Med bakgrunn i oppdraget frå Miljødirektoratet vil vi avklare om det er aktuelt med ei utviding av verneområdet. Vi ønskjer også å opne for at området som i dag er fuglefredingsområde blir inkludert i naturreservatet.

Sidan området blei verna i 1980 har bruken av området endra seg og vi vil derfor også oppdatere dei gamle vernereglane. Det skal også utarbeidast besøksstrategi og ny forvaltingsplan for området.

Situasjonen er endra på fleire område som påverkar forvaltinga av området, og vi vil særleg trekke fram følgjande punkt:

- **Auka bruk og nye brukargrupper.** Det er i dag mykje meir besøk på Herdla enn det var på vernetidspunktet. Sidan 1980 har øg måten vi driv friluftsliv på endra seg, og det er fleire nye former for aktivitet i reservatet som ikkje var vanlege då. Brettseiling, kajakkpadling, sportsfiske og droneflyging er døme på aktivitetar som ikkje er fanga opp av vernereglane, men som kan påverke fuglelivet på Herdla. Ei justering av vernereglane er naudsynt for å møte dagens situasjon.
- **Herdleflaket.** Fram til 1990 blei det tatt opp store mengder av sand på Herdleflaket, noko som gjekk hardt ut over fuglebestandane på Herdla. Naturtilstanden på Herdleflaket har betra seg markant sidan opptaket blei avslutta, (og det marine naturmiljøet er no rekna for å vere restaurert. Sidan den tid har fuglebestandane tatt seg opp, og det er naturleg å diskutere om naturmiljøet no treng meir skydd slik at vi kan ta vare på desse fuglebestandane.
- **Forsvaret si rolle.** Herdla har lenge vore viktig i militær samanheng, og forsvaret si rolle på Herdla då verneområdet blei etablert kjem tydeleg fram i dagens verneforskrift, som har opning for aktivitetar som var viktige for Forsvaret den gongen. Forsvaret si rolle i området er no endra og områda er kjøpt opp av Miljødirektoratet og Askøy kommune. Regelverket bør derfor tilpassast dagens situasjon.

- **Forvaltingstiltak som er gjennomført i området.** Det er gjennomført fleire tiltak i området som har gitt endra og betra situasjon for området (mellan anna etablering av fugleobservasjonstårn i 2017, uttak av framande treslag, og tiltak som har gitt gunstig utvikling for viper i området).

1.2 Verneverdiar

Dagens naturreservat og fuglefredingsområde:

Herdla naturreservat er verna først og fremst på grunn av den viktige funksjonen området har for fuglelivet. Herdla og dei grunne sjøområda utanfor er eit av dei aller viktigaste områda for fuglelivet i Vestland.

Storparten av Herdla er bygd opp av enorme mengder lausmassar frå siste istid. Desse Herdlamorenene blir i dag rekna som dei største og mest tydelege isfrontavsetnadane i ytre Hordaland, og dei fungerer som typelokalitet for tilsvarende glasifluviale avsetnader andre stader i landet. Dei har dermed stor verdi for forsking og undervisning.

Denne geologien og dei spesielle landformane på Herdla legg grunnlag for eit rikt og variert fugleliv. Særleg verdi har området som rastepllass for trekkande vadefuglar og overvintringslokalisitet for sjøfuglar. Trekkande vadefuglar finn mat i fjøra og på den flate, oppdyrka Herdlevalen, medan dei grunne sjøområda rundt gir gode forhold for sjøfugl som finn mat på sjøbotnen. Dei viktigaste områda for overvintrande sjøfugl er Herdleflaket, sjøområdet like nord for Herdlevalen, og det smale og grunne sundet mellom Herdla og Lamøy. Desse fuglane treng fred, særleg i vinterhalvåret. Særleg for sjøender er det få alternative lokalitetar, og Herdla er difor eit svært viktig område for desse.

I områda rett nord og rett sør for fugletårnet, og vestover mot Prestvika er det anlagt våtmarksdammar, og i større område her er landbruksverksemdu tilpassa slik at fuglelivet blir prioritert. Dette er område som er svært viktige næringssøk-område for trekkande fugl, og områda har også viktig hekkefunksjon for ein del fugleartar.

I områda rett nord for Ytste Valen er det registrert ålegrassamfunn (Med metodikken DN-handbok 19 – Marine naturtypar).

Landarealet i dagens naturreservat er kartlagt med metodikken «naturtypar i verneområde etter miljødirektoratet sin instruks». Det aller meste av arealet i naturreservatet er kartlagt som åker- og kunstmarkseng og konstruert fastmark. Resten av området er registrert som strandeng og strandsump, stein-, grus- og sandstrand, driftevoll, eufotisk ferskvassblautbotn, strandberg, konstruert botn og mark i fjærresona. Eit område nord på Småkalsøyna er registrert som seminaturleg eng, som er ein trua naturtype (VU).

Artsmangfaldet av karplanter i det meste av naturreservatet er ikkje stort sidan mykje er dyrka mark, men på strandengene på Urneset og på den semi-naturlege enga nord på Små-Kalsøy er det registrert ein del beitemarksopp. Mellom anna er den nær trua (NT) arten lutvokssopp funne i den seminaturlege enga.

Områda der vi foreslår omgjering frå fuglefredingsområde til naturreservat:

Lamøy ligg rett søraust for Herdvalen. Her har vi fjerna planteskogen, mellom anna for å legge til rette for at øya skulle kunne fungere som eit alternativt hekkeområde. Sidan det er så mykje aktivitet på sjølve valen er det få hekkemogleheter her. Lamøy ligg svært strategisk til i forhold til matfaret på Herdlevalen og i Lamsundet. Dei siste åra har det årleg blitt observert viper her men vi veit enno ikkje i kva grad området faktisk er tatt i bruk som hekkeområde.

Lamøy er no kartlagt som kystlynghei med B-verdi (med metodikken DN-handbok 13), og har dermed status som Utvald naturtype etter Naturmangfoldlova.

I vassområda vest for Ringholmen er det registrert større tareskogførekomstar med stortare (Med metodikken DN-handbok 19 – Marine naturtypar).

Områda der vi foreslår utviding:

Stora Agnøyna og Naustøyna er kartlagt som kystlynghei med B-verdi (med metodikken DN-handbok 13), og har dermed status som Utvald naturtype etter Naturmangfoldlova. Kystlynghei er ein naturtype som er lite representert i verneområda i Noreg i dag. Også i desse områda har vi fjerna gran og sitkagran. Vi har eit håp om at også desse områda skal kunne fungere som alternative hekkeområde, men vi har ikkje oversikt over i kva grad dette er tilfelle i dag.

I vassområda nord for Prestholmen og Stora Agnøya er det registrert større tareskogførekomstar med stortare (med metodikken frå DN-handbok 19 – Marine naturtypar).

1.3 Andre interesser

Brukinteresser

I området på land som i dag er naturreservat er det aktiv landbruksverksemd i området, med intensiv innmarksdrift med både slått og storfebeite.

Området er i tillegg eit svært populært område for mange brukargrupper, både til lands og til vanns. Området blir mellom anna nytta til turgåing, hundelufting, fugletitting, kajakpadling, vindsport (windsurfing og kiting), fiske (frå land og frå båt), dykking, sykling mm. Det er også ein del båttrafikk i området, både med småbåtar og vasskuter. Droneflyging representerer ei ny utfordring for fuglelivet i reservatet.

Vi har avtale med dei aktuelle flyklubbane om at Herdlevalen ikkje lenger skal brukas til sivil eller militær luftfart. Avtalen omfattar både landing og låg overflyging. Sidan det tidlegare var flyplass her, og området er godt eigna for øvingsflyging med småfly, er det likevel i nokon grad slik at sivile småfly flyr lågt over området.

Fram til 1990 blei det tatt ut sand frå Herdlefaket (dei grunne sjøområda rett nord for Herdlevalen). Når dette uttaket blei avslutta i 1990 fekk grunneigarane erstatning, og det er dermed ikkje aktuelt å ta opp att uttak i det same området. Sjølv om dagens verneforskrift frå 1985 (Kap VII) opnar for at: «Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til ... uttak av sand fra sjøbunnen etter godkjent plan», er det vanskeleg å tenke seg ein situasjon der det ville bli gitt løyve til dette i eit område som er så viktig for sjøfugl.

I området nord for Herdlevalen, Herdleflaket, har sjøforsvaret ei forbodssone med restriksjonar på ulik form for ferdslle, noko som avgrensar bruken av området. Forbodet er ikkje alltid respektert, og regelverket blir heller ikkje strengt handheva.

Som del av Havforskinsituttet si nasjonale overvakning av lakselus har Norce (Norwegian Research Centre AS) to ruser i Lamøysundet som jamleg blir sjekka med båt. Det er viktig at dette arbeidet kan halde fram slik det er starta opp.

Herdla museum har eit stort fokus på dei naturfaglege verdiane i reservatet. Museet har flott utsyn over reservatet, og dei driv aktivt med undervisning av skuleklassar og andre om desse verdiane. Dei har også naturfaglege utstillingar som varierer. Dei har tilsett ein eigen naturrettleiar på deltid.

Områda der vi foreslår utviding og omgjering frå fuglefredingsområde til naturreservat er mindre brukt enn areala i dagens naturreservat. Areala kring Paddeholna blir brukt ein del av turgåurar, men blir mindre brukt enn resten av Herdlevalen. Lamøy, Little Agnøyane, Store Agnøy og Prestholmen har avgrensa med besøk, sidan dette er øyer, men etter at granskogen blei fjerna frå Lamøy og Store Agnøy kan det tenkast at områda er blitt meir attraktive for rekreasjonsbruk. På Lamøy og på Little Agnøyane er det fritidsbustadar som er i bruk.

Etter at skogen blei fjerna frå Lamøy, Naustøyne og Store Agnøy er øyene tatt i bruk som beiteområde for villsau. Det er planar om å drive områda med tradisjonell lystnæring her.

Forvalting

Dei viktigaste utfordringane i naturreservatet i dag kjem av forstyrring som følgje av ferdslle og aktiv bruk av området. Særleg gjeld dette forstyrring av fuglelivet frå ferdslle utanfor vegar og stiar som går gjennom området, og frå hundar, særleg hundar som går med lange liner og hundar som går utan band. Dette blir skildra nærmare i besøkstrategien som er utarbeidd for området. Også ferdslle (både motorisert og umotorisert ferdslle) på sjøområde som er viktige for overvintrande sjøfugl er eit aukande problem. Vi ser også at det går ein del sjøfugl som bifangst i garn og ruse i desse områda.

På øyane der vi har fjerna sitkagran (Lamøy, Stora Agnøy og Naustøyne) ønskjer vi at det skal vere beitedyr slik at områda ikkje gror til med skog. Det er òg ønskjeleg at områda blir drivne som kystlynghei med beiting og brenning, slik at naturtypen Kystlynghei kan vidareutviklast.

Det er framleis utfordringar knytt til framande artar i området. Først og fremst gjeld dette sitkagran, som blei planta ut på slutten av 1960-talet. Mykje av denne skogen er fjerna, men det står framleis att sitkagran og buskfuru på Litla Agnøya og i eit felt i området mellom Heimste Valen og Herdla museum, står det framleis att både norsk gran og edelgran. Det kan vere aktuelt å fjerne desse felta, men dette må gjerast i samråd med grunneigarane. Om dette blir gjort vil også naturtilstanden her betrast.

[1.4 Planstatus](#)

Landarealet i verneplanen er i all hovudsak sett av som LNFR-område i kommunenplanens arealdel i både Askøy og Alver kommune. Vestre del av Store Agnøy er vist som «skyte og øvingsområde» for Forsvaret. Sjøarealene er vist med ulike omsynssoner «Naturområde» i Alver kommune sin kommuneplan, og «båndlagt etter lov om naturvern» og «båndlagt etter annet lovverk» (Forsvaret sitt område).

2. SAKSHANDSAMING

Arbeidet med bevaring av verdifull natur – supplerande vern er forankra i Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet. Meldinga seier blant anna at eit representativt utval av norsk natur skal sikrast for framtida, gjennom å verne naturtypar og økosystem som i dag er mindre godt dekket av vern. Viktige naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i vernearbeidet er NINA rapport 535/2010, NINA rapport 888/2012 og NINA rapport 1666/2019.

2.1 Sakshandsamingsprosessen

Vi varsla oppstart av prosess for å endre verneforskrifta for Herdla naturreservat med kringliggjande fuglefredingsområde den 24.06.2021. Vi fekk inn 11 innspel til oppstartsmeldinga, og desse er samanfatta og kommentert i vedlegg 2.

Ein tilsvarende prosess blei starta opp i 2014 men denne blei av ulike grunnar aldri vidareført. Vi tar likevel med oss innspel vi fekk i 2014 når vi oppsummerar innspill i vedlegg 2.

I januar 2022 fekk vi formelt oppdrag frå Miljødirektoratet om å førebu og gjennomføre vidare prosess med utviding av reservatet. Dette blir gjennomført som del av arbeidet med «bevaring av verdifull natur i medhald av naturmangfoldlovens kap. V for område i kategorien supplerande vern».

Statsforvalteren har gjennom verneplanarbeidet hatt møter med Askøy kommune, grunneigar og ulike brukargrupper som har kontakta oss; vindsportmiljøet og birdlife. Det har og vore gjennomført eit ope møte på Herdla der alle med interesser i området var invitert.

Ved endring av verneforskrifter gjeld forvaltningslova sine regler om forskrifter i kapittel VII. Det er eit krav at saka skal vere så godt opplyst som mogleg, jf. forvaltningslova § 37. Som eit ledd i detta skal saka sendast på høyring der aktuelle offentlege og private institusjonar og organisasjonar, fag- eller interessegrupper skal få høve til å utale seg om endringsforslaget.

Dei særlege sakshandsamingsreglane ved oppretting av verneområde i naturmangfaldlova §§ 41-46 gjeld også ved endring av verneforskrift så langt dei passer. Dette inneber mellom anna at høyringa vert sendt direkte til grunneigarane i området endringa gjeld, jf. naturmangfaldlova § 43.

2.2 Heimelsgrunnlag

Området er foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat er at arealet enten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer en bestemt naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer en spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfaldlova § 33, blant annet bokstavane

- a (*variasjonsbredda av naturtypar og landskap*),
- b (*artar og genetisk mangfald*),
- c (*trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar*),
- d (*større intakte økosystem, også slik at dei kan vere tilgjengeleg for enkelt friluftsliv*),
- e (*områder med særskilte naturhistoriske verdiar*),
- g (*økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt*),
- h (*referanseområder for å følge utviklinga i naturen*).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosistema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.*
- *Ingen trua artar og naturtypar skal utslettast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast.*

Oppretting av verneområde bidrar til å nå internasjonale mål og forpliktingar, bl.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfold artikkel 8 om et samanhengande verneområdenettverk, jf. også naturmangfaldlova § 33 bokstav g.

Ved å verne naturområde mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfold, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c.

3. VIKTIGE FORSLAG TIL ENDRINGAR

For betre å kunne ta vare på naturmangfaldet i reservatet, og for å tilpasse vernereglane til endringane vi har hatt i reservatet, foreslår vi fleire endringar i verneforskrifta. Vi ønskjer og å tilpasse dagens verneforskrift til ny forskriftsmål.

3.2 Avgrensing

Vi foreslår å endre avgrensinga til området. Vi foreslår ei utviding av verneområdet, og for å få eit sett med verneregler for heile området ønskjer vi at heile området skal få status som naturreservat og at den todelte løysinga med eit naturreservat og eit område med fuglelivsfreding, blir oppheva. Den todelte løysinga gjev ikkje tilstrekkeleg med verkemidlar til å drive aktiv skjøtsel og forvaltning av området. For brukarane av området vil det òg vere enklare å ta omsyn til seg til eit sett med verneregler.

Endringane vi foreslår når det gjeld avgrensing kjem fram av kartet i figur 1. Vi foreslår ei utviding av verneområdet, slik at Store Agnøya og Prestholmen nord for Herdla blir inkludert.


Vi foreslår òg at grensa justerast i sør slik at ein del av Lamøysundet heilt i sør blir tatt ut av verneområdet. Dette er område som tidlegare var ein del av fuglefredingsområdet, men som ikkje var del av naturreservatet. Landarealet i dette området er i dag nytta til ulik verksemd som har vore etablert i området i lang tid (naust, badeplass mm). Dette er aktivitet som var foreinlagt med at området var fuglefredingsområde, men som det ikkje er naturleg å inkludere i eit naturreservat. Verken landarealet eller sjøområda som går ut av verneområdet som følgje av den nye grensetrekkinga har så viktige naturkvalitetar at vi ville prioritert å inkludere dei i eit naturreservat om grensene skulle trekkast på nytt i dag.

Heilt vest i området, i Gavlevika, foreslår vi òg å ta ut eit sjøområde som inngår i dagens fuglefredingsområde. Dette området grensar mot landareal som er del av Herdla museum sine område. Området er tilrettelagt med brygger og vegar. Området er aktivt i bruk som friluftsområde og her finst fleire kulturminne frå krigen. Museet har mellom anna omvisingar knytt til torpedobatteriet her. Området blir også brukt til sjøsetting av kajakk og annan båttrafikk. Det er

ikkje store naturverdiar knytt til området og det vil vere lite hensiktsmessig å knyte det restriksjonsnivået vi ønskjer i reservatet til dette området.

Det er tre grunneigarar i området vi foreslår som naturreservat. Verneområdet omfattar følgjande gnr./bnr. i Askøy kommune: 42/1, 42/4, 42/49, 42/77, 42/103, 42/104, 42/105, 42/119, 42/120. Alver kommune: 355/63 (Ringholmen).

Etter at vi meldte oppstart av denne prosessen har vi fått innspill om at eigarane av ein eigedom på Litla Agnøyna ønskjer at denne eigedommen ikkje skal inkluderast i naturreservatet. Eigedommen ligg innanfor området som til no har vore fuglefredingsområde. Sidan det ikkje er gjennomført kartforretning som formelt trekker opp grensene til eigedommen har vi av praktiske (karttekniske) grunnar ikkje tatt stilling til dette no, men vi vil vurdere dette gjennom prosessen i samråd med grunneigar. Om eigedommen skal grensast frå naturreservatet vil det kunne gjennomførast kartforretning for eigedommen samstundes som vi trekker grensene for verneområdet.




Figur 1. Kart som syner grensene til dagens naturreservat og fuglefredingsområde saman med vårt forslag til nye grenser.

3.3 Verneforskrift

Som nemnt over er det mange ulike aktivitetar som kvar for seg ikkje nødvendigvis er eit stort problem for verneverdiane i området, men som til saman no gjev for mykje uroing av fuglane i viktige område. Ny forskrift skal ta høgde for dei utfordringane som er til stades i reservatet i dag, og i tråd med miljørettsprinsippet om samla belasting i Natumangfoldlova (§ 10) foreslår vi derfor ei innskjerping av regelverket i nokre viktige område. Vi foreslår mellom anna endringar i ferdslerestriksjonar som er meir restriktive enn dagens reglar. Dei nye forbodsonene baserer seg på dei områda der næringssøks- og hekkefunksjonen er under sterkt press i ulike periodar gjennom året.

Vi foreslår følgjande område med ferdleforbod i reservatet.



Figur 2 Bilete som viser dei ulike sonene i verneområdet.

Sone	Teiknforklaring
A	Prestvika. Nærings- og hekkeområde for fugl. Sone med ferdelsforbod heile året. Utvida med 39 daa samanlikna med eksisterande verneregler. Det vil vere fri ferdle ut til det gamle fugleobservasjonshuset på Urdneset.
B	Herdleflaket. Næringsområde for sjøfugl. Sone med ferdelsforbod heile året.
C	Mellom Herdlevallen og Lamøy. Næringsområde for sjøfugl. Sone med ferdelsforbod heile året.


Figur 3 Tabell som viser område med ferdlesforbod i verneområdet.

I tillegg til forslag om endra ferdslerestriksjonar har vi foreslått ein del andre endringar av verneforskrifta som vil påverke ferdle og aktivitet i reservatet. Oppsummert kan vi si at vi foreslår

desse endringane for å ivareta dei viktige naturverdiane i reservatet. Konsekvensane av at reglane vert meir restriktive er i nokon grad balansert opp ved at vi føreslår å ta ut nokre områder frå vernet, sjå punkt 3.2. I tillegg har vi foreslått fleire justeringar som kjem av at malen for verneforskrifter er endra sidan dagens forskrift blei vedtatt.

Utdjuping av nokre av dei viktigaste endringane vi foreslår. I vedlegg 1 har vi i tillegg samla og kommentert alle endringane vi foreslår i vernereglane.

Frå vårt forslag til vernereglar	Vår utdjuping
§ 3c	Når vi ønskjer eit totalforbod mot hund i reservatet har dette fleire grunnar. Mange vil nok meine at eit bandpåbod ville vere tilstrekkeleg for å ta omsyn til fuglelivet, men det er bandpåbod i dag, utan at dette blir respektert i tilstrekkeleg grad og vi opplever stadig at hundar går laus i reservatet. Svært mange har og hund i lange liner, som for fuglelivet i praksis har same effekt som at hundane går laus. Vi legg også til grunn at forsking viser til at hund er ein stressfaktor for fuglelivet sjølv om dei er i band. For å vere heilt tydeleg på kva som er viktigast i dette området velger vi derfor å foreslå eit totalforbod mot hund i reservatet. Det er alternative område som kan nyttast for dei som skal gå tur med hunden, mellom anna var dette eit av argumenta når friluftsområdet ved Herdla museum blei oppretta, at dette skulle vere eit avlastingsområde for naturreservatet. Askøy kommune arbeider også med å få oppretta ein luftegard for hund, der hund skal kunne gå utan band.
§ 5c og 6 b	Når vi foreslår eit delvis forbod mot sykkel og hest i reservatet er dette fordi det viser seg at deler av fuglelivet har vanskelegare for å tilpasse seg raskare forflyttingar, som ofte er tilfelle med sykling og hest, enn å tilpasse seg dei som beveger seg i vanlig gangtempo. Vi har derfor opna for slik ferdsel berre på vegen aust i reservatet.
§ 3g	Når vi foreslår forbod mot ulike former for fiske i reservatet, så er dette av omsyn til sjøfugl som nyttar dette området aktivt til både kvile og næringssøk. Alle former for fiske vil forstyrre fuglane i reservatet. Setting av garn og ruser fører i tillegg til bifangst av sjøfugl som dukkar. Vi har fått meldingar om havelle, ærfugl og sjørøre som har gått i garn på Herdla, og lokalt kan garn utgjere ein stor tapsfaktor for enkelte artar. Bifangst av sjøfugl i ruser er ikkje like utbreidd som det er for garnfiske, men det er òg kjent at oter kan gå i torskeruser. Oter er i dag etablert både på Agnøyane og på Lamøy. Oterbestanden har dei siste tiåra tatt seg opp i Vestland, etter å ha vore nesten borte.
§§ 3f og 5b	Når vi foreslår eit forbod mot motorisert ferdsel til lands og bruk av dronar, modellfly og liknande er også dette av omsyn til fuglelivet. Når all form for øvingsflyging i området, herunder flyging lågare enn 300 moh, blir forbode er det av same grunn. Dette er svært vanlege føresegner i eit naturreservat, og særleg når det er fuglelivet det skal takast omsyn til. Når det i den gjeldande verneforskrifta ikkje var innarbeidd eit forbod mot lågtflyging, var dette eit særtilfelle, på grunn av forsvaret si rolle i området på vernetidspunktet. Forsvaret har ikkje lenger ei rolle på Herdla, og det er dermed naturleg å ta dette forbodet inn i vernereglane for naturreservatet.



Figur 4. Dagens vernekart og område med ferdselrestriksjonar (A). Det ytre omrisset omfattar fuglefredingsområdet medan det indre omrisset omfattar dagens naturreservat.

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLIGERE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir endra som følge av den nye verneplanen:

«Forskrift om fredning for Herdla naturreservat med tilliggende fuglelivsfredning, Askøy og Meland kommuner, Hordaland» datert FOR-1985-06-28-1357»

5. VEDLEGG

Vedlegg 1: Oppsummering av endringar vi foreslår i verneforskrifta

Vedlegg 2: Forslag til nye verneregler og vernekart

Vedlegg 3: Oppsummering av innkomne innspel ved oppstart med Statsforvaltaren sin kommentar

Vedlegg 1. Oppsummering av endringane vi foreslår i vernereglane.

Oppsettet i tabellen følgjer oppbygginga til dei nye vernereglane.

Gjeldande forskrift	Ny forskrift	Kommentar
§ 1 Formål		
III. Formålet med fredningen er å bevare et særegent og høyproduktivt våtmarksområde, å verne om et særlig rikt og variert fugleliv, interessante og verdifulle geologiske forekomster og å verne alt plante- og dyreliv som forøvrig er naturlig knyttet til området.	<p>Føremålet med forskrifa er å ta vare på våtmarksområde og marine grunnvassområde som har særskilt betydning for biologisk mangfold. Det skal takast vare på trua natur og verdifulle geologiske førekommstar.</p> <p>Dei spesielle landformane og dei enorme lausmasseavsetningane frå siste istid legg grunnlag for eit rikt og variert fugleliv med fleire trua og sårbare fugleartar. Området er viktig både som hekkelokalitet, rasteområde i trekktida og som overvintringsområde. Område med viktig næringssøks- og hekkefunksjon, både på land og i grunnvassområda, må gis eit særskilt skydd. For grunnvassområda gjeld dette både botn, vassøyle og vassoverflate. Det finst og trua naturtypar i området.</p> <p>Det er ei målsetting å ta vare på og utvikle verneverdiene videre.</p>	Skildring av føremålet med vernet er meir detaljert i ny forskrift. Vi ønskjer å presisere kva vi vil legge vekt på når vi skal forvalte dette området.
§ 2 Geografisk avgrensing		
II. Det fredete området berører følgende gnr./bnr.: Askøy kommune: 42/1, 49, 103, 104, 119 Meland kommune: 55/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15. Reservatet dekker et areal på ca. 1,3 km hvorav ca. 0,5 km ² er landareal.	Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Askøy kommune: 42/1, 42/4, 42/49, 42/77, 42/103, 42/104, 42/105, 42/119, 42/120. Alver kommune: 355/63 (Ringholmen). Naturreservatet dekker eit areal på om lag 5,16 km ² , der 3,8 km ² er sjøareal.	

<p>Området med fuglelivsfredning dekker et areal på ca. 3,15 km² hvorav ca. 0,5 km² er landareal.</p> <p>Grensene for naturreservatet med tiliggende fuglelivsfredning framgår av kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet januar 1985.</p> <p>Kartet og vernereglene oppbevares i Askøy og Meland kommuner, hos fylkesmannen i Hordaland og i Miljøverndepartementet.</p> <p>De nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkes i marka der de går over land og knekkpunktene bør koordinatfestes.</p>	<p>Vernegrensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i terrenget. Knekkpunktene skal koordinatfestast.</p> <p>Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Askøy og Alver kommunar, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.</p>	
§ 3 Vernereglar		
	<p>I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som i går fram av føremålet med vernet.</p> <p>I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:</p>	Dette er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter
<p>IV. 1.</p> <p>All vegetasjon på land og i vann er fredet mot enhver form for skade og ødeleggelse. Nye planter må ikke innføres</p>	<p>a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.</p>	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter
<p>IV. 2.</p> <p>Alt vilt herunder deres hi, reir og egg er fredet mot enhver form for skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse, jfr. viltlovens § 3</p> <p>Jakt, fangst, bruk av skytevåpen samt slipp av hund er forbudt.</p>	<p>b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.</p>	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter
	<p>c) Det er forbode med hund i reservatet.</p>	Vi foreslår å stramme inn IV. 2. i gjeldande forskrift som seier at «slipp av hund er forbudt». Det er svært mange som ikkje følgjer denne regelen, og mange har også veldig lange band til hundane. Vi veit at sjølv hundar som går i korte band stressar fuglelivet, og for å gjøre dette heilt tydeleg foreslår vi eit totalforbod mot hund i reservatet.
<p>IV 3. Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger, opplag av båt og campingvogner o.l., framføring av luftledninger, jordkabler og</p>	<p>d) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, akvakultur, havbeite, opplag av båt, campingvogner og liknande, framføring av luftleidningar,</p>	<p>Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter.</p> <p>Vi har også presisert at akvakultur, havbeite skal vere</p>

kloakkledninger, bygging av veier, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk og andre koncentrerte forerensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske bekjempningsmidler. Opplistingen er ikke uttømmende	jordkabler og kloakkledninger, bygging av vegar, drenering og andre formar for tørrlegging, uttak og lagring av masse, ny utføring av kloakk og annan koncentrert tilførslle av ureining og etterlating av avfall. Opplinga er ikkje uttømmande.	forbode då dette ikkje er ønskjeleg aktivitet i dette området og då dette er tema som det har vore spørsmål om etter at området ble verna.
	e) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode	Vi får mange spørsmål og søknadar om ulik bruk av reservatet og det kan derfor vere greitt å ha ei klar verneforskrift på dette punktet. Formuleringsa er i tråd med gjeldande mal for verneforskrifter.
IV. 4. Motorisert ferdsel til lands, herunder gjelder også motorcrossing, bruk av modellfly o.l. er forbudt	f) Bruk av dronar, undervassdronear, modellfly, dragar og liknande er forbode i heile verneområdet.	Her har vi inkludert fleire aktivitetar som har auka i omfang i reservatet og som er forstyrrende for fuglelivet.
IV. 2. Alt vilt herunder deres hi, reir og egg er fredet mot enhver form for skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse, jfr. viltlovens § 3 Jakt, fangst, bruk av skytevåpen samt slipp av hund er forbudt.	g) Jakt, fangst og bruk av skytevåpen og fiske med garn og ruse er forbode.	Vi foreslår eit totalforbod mot ei rekke aktivitetar som forstyrre fugl og anna dyreliv. Fiske med garn og ruse gir også eit problem med bifangst av mellom anna dukkande sjøfugl.
IV. 4. pkt 1. Camping, teltslagning og oppsetting av kamuflasjeinnretninger for fotografering er forbudt	h) Camping, oppsetting av telt og kamuflasjeinnretningar og bålbranning (inkl eingongsgrill) er forbode.	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter
§ 4 Generelle unnatak frå vernereglane Vernereglane i § 3 anna ledd er ikkje til hinder for:		
	a) Sanking av bær, nøtter og matsopp	
	b) Beiting	Tatt med for å presisere at vi ønskjer beite og lystheidrift på øyane der det er fjerna framande treslag. Dette er landbruksverksemdu som ikkje var her når området blei verna
	c) Skjøtsel av kystlynghei på øyer og holmar i samsvar med skjøtselsplan for området	Tatt med for å presisere at vi ønskjer beite og lystheidrift på øyane der det er fjerna framande treslag. Dette er landbruksverksemdu som ikkje var her når området blei verna
IV. 3. Drift av eksisterende jordbruksarealer, herunder gjødsling, bruk av sprøytemidler, vedlikehold av grøfter og gjerder, fremføring av vann – og	d) Drift av eksisterende jordbruksareal på innmark, herunder gjødsling, bruk av sprøytemiddel og vedlikehald av grøfter	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter.

kloakkledninger m.m. i samsvar med nåværende utnyttelsesform.		
	e) Militær aktivitet i sjøforsvaret si forbodssone på Herdleflaket og øvingar og aktivitet i skyte- og øvingsfelt V-12 i Hjeltefjorden.	Forsvaret har framleis rett til å drive sin aktivitet i dette området og dette må gjenspeglast i vernereglane.
VI. 4. Vedlikehold av evt. bygninger.	f) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, stiar, gjerder, anlegg og innretningar.	
VI 6. All ferdsel og aktivitet i forbindelse med rutinemessig militær øvelsesvirksomhet. (herunder bruk av skytevåpen) utenfor område merket A på kart. (jfr. punkt VII 3).	Utgår	Punktet er tatt ut da området ikke lenger har funksjon som militært øvingsområde
VI 7. Anlegg av småflyplass, bygninger og andre anlegg i forbindelse med Forsvarets virksomhet, i samsvar med stadfestet reguleringsplan. All flytrafikk skal skje etter en samordnet plan for sivile og militære formål. Planen skal godkjennes av Miljøverndepartementet og Forsvarsdepartementet etter samråd med Luftfartsverket og andre brukerinteresser	Utgår	Punktet er tatt ut da området ikke lenger har funksjon som militært øvingsområde og småflyplass
§V (reglar for området med fuglelivsfredning) utgår.	Utgår	Utgår då område med status som fuglefredingsområde utgår.
Ny § 5 Regulering av ferdsele		Alle reglar knytt til ferdsele er samla her, jf ny mal.
	All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:	Forskrifta er sett opp i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter
IV. 4. Motorisert ferdsel til lands, herunder gjelder også motorcrossing, bruk av modellfly o.l. er forbudt	a) Motorisert ferdsel til lands, inkludert landing og start med luftfartøy, er forbode.	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter. Punkt om modellfly mm er flytta til §3 (Vernereglar) jf ny mal.
	b) Flyging lågare enn 300 m over verneområdet er forbode	Det er viktig å presisere dette da området stadig blir brukt til øvingsflyging, noko som er svært forstyrrende for fuglelivet.
	c) Sykling, også med elektrisk sykkel, riding og bruk av hest er forbode	Dette er aktivitetar som uroar fuglelivet i mykje større grad enn det vanlege gåande gjer.
	d) Av omsyn til fuglelivet skal ferdsele gjennom innmark (på Herdevalen) skje etter trasear som er avmerkt på kart og vist på skilt.	Ferdsele på innmark er eit stadig problem både for landbruket og for fuglelivet. Vi ønskjer å presiserast dette da ferdsele kan vere problematisk for fuglelivet også i periodar med frost da det

		er lov å ferdast her etter friluftslova.
IV. 4. pkt 2. I tiden f.o.m. 15. april t.o.m. 30. september er all ferdsel til lands forbudt innenfor Prestvika – Urdneset-området, merket A og avgrenset av heltrukken linje på kart	e) I følgjande område merkt på vernekartet er all ferdsl, herunder padling, kiting og windsurfing, forbode heile året A. Eit område på land i området Prestvika-Urdneset. Området er merkt med A i vernekartet. B. Eit område på vatn – Herdlaflaket. Området er merkt med B i kartet. C. Eit område på vatn mellom Herdlevalen og Lamøy. Området er merkt med C i vernekartet.	Vi ønskjer med dette å skjerme dei mest sårbare områda (jf formålet med vernet) frå ferdsl gjennom heile året.
§ 6 Generelle unnatak frå ferdelsreglane		
§ VI 1. Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns- skjøtsels- og forvaltningsøyemed.	Ferdelsreglane § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksem og tiltak knytt til ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksem, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unnataket gjeld ikkje øvingskøyring	Punktet er justert og flyttet slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter.
	Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for	
VI. 5. Motorisert ferdsel utenom område A i forbindelse med drift av jordbruksarealene og all annen ferdsel i forbindelse med grunneiers tilsyn og næringsvirksomhet i hele reservatet	a) Naudsynt motorisert ferdsl knytt til jordbruksdrift jf § 4 b, c og d	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter. Flytta slik oppsettet er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter
	b) Sykling, også med elektrisk sykkel, på vegen frå inngangen til reservatet i sør til Paddeholna, vist på vernekartet.	Om sykling avgrensast til denne traseen meiner vi at graden av forstyrring vil vere akseptabel.
	c) Naudsynt tilkomst med båt til hytte på Lamøy.	Dette er eit naudsynt unntak då det er ei etablert hytte på Lamøy.
	d) Naudsynt tilkomst med båt i samband med jordbruksdrift på Lamøy	Dette er eit naudsynt unntak då vi ønskjer at areala på Lamøy skal skjøttast som kystlynghei.
§ VIII. All tillatt virksomhet og inngrep etter punktene VI og VII, skal skje til minst mulig skade for verneinteressene i området, særlig gjelder dette forstyrrelse av fuglelivet.	Utgår	Ikkje i samsvar med dagens mal.
§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:		
§ VII 1) Felling av vilt som forårsaker vesentlig skade, eller fare for flytrafikk, når dette skjer i samsvar med viltlovens bestemmelser og forskrifter	a) Felling av vilt som kan skade verneverdiene	Punkt 1 er tilpassa dagens situasjon og punkta 2 og 3 i eksisterande forskrift utgår i ny

2) Uttak av sand fra sjøbunnen etter godkjent plan 3) Militær ferdsel og aktivitet utover operativ virksomhet innenfor område A		forskrift då dei ikkje lenger er aktuelle.
	b) Skadefelling av vilt i samsvar med viltlova og viltforskrifta. Løyvet må ikkje føre til vesentleg skade på verneverdiane	Tatt med for at det skal kunne vere aktuelt med til dømes skadefelling av vilt som er til skade for landbruket, i samsvar med viltlova og viltforskrifta
VI. 2. Fjerning av vegetasjon som representerer helsefare, ulempe for jordbruket eller er vertsplanter for skadeorganismar.	c) Fjerning av vegetasjon som ikkje er stadeigen	Punktet er tatt med slik at det er tydeleg at framande treslag og andre artar skal kunne fjernast. Moment frå gammal forskrift som vi foreslår å ta ut blir ivaretakne av §4c) der vi presiserer at dagens drift av jordbruksareala skal kunne halde fram.
	d) Oppføring, drift, vedlikehald og fjerning av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.	Tatt med etter innspel frå Kystverket ved oppstart av arbeidet med revisjon av verneforskrifta.
	e) Naudsynt motorferdsel knytt til aktivitetar nemnd i §4 punkt e og f	
	f) Vedlikehald og istandsetting av eksisterande kulturminne	
	g) Oppsetting av gjerde i samband med landbruksdrift	
§ 8 Generelle dispensasjonsreglar		
§ X. Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra fredningsbestemmelsene når formålet med fredningen krever det, samt for vitenskapelige undersøkelser, arbeider av vesentlig samfunnsmessig betydning og i andre særlige tilfeller, når disse ikke strider mot formålet med fredningen	Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå forskrifterna dersom det ikkje stirr mot verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter.
§ 9 Skjøtsel		
§ IX Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredningsformålet.	Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter.
§ 10 Forvaltingsplan		
§ IX Det kan utarbeides skjøtselsplan, som skal inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltakene.	Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningslinjer for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter.
§ 11 Forvaltingsstyresmakt		

§ XI. Forvaltningen av vernereglene tillegges fylkesmannen i Hordaland.	Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det	Punktet er justert slik at det er i samsvar med gjeldande mal for verneforskrifter.
§ 12 Ikraftsetting		
XIII Disse bestemmelsene trer i kraft straks. Samtidig oppheves Miljøverndepartementets vedtak om midlertidig vern av Herdla av 11. juni 1980.	Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift 28. juni 1985 nr. 1357 om fredning for Herdla naturreservat med tilliggende fuglelivsfredning, Askøy og Meland kommuner, Hordaland oppheva.	

Vedlegg 2. Oppsummering av innkomne innspel ved oppstart og våre kommentarar

Det kom inn 11 innspel til høyringa. I tillegg kom 7 innspel til prosessen som starta opp i 2014 (desse er dels overlappande med innspel frå 2021). Innspel frå 2014 er oppsummert nedst:

2021

- Kystverket
- Trond Guntveit
- Endre Kristensen, Herdla ferie og fritid AS
- Askøy kommune
- Magne Reime og Evelyn Neppelberg
- Forum for Miljø og Friluftsliv Hordaland, FMF
- Bergen kiteklubb og Bergen brettseilerklubb
- Bergen Turlag
- Herdla Gård
- Stian Håpoldøy

2014:

- Meland kommune
- Herdla ferie og fritid AS
- Norsk ornitologisk forening Hordaland
- Fiskeridirektoratet
- Bergen kiteklubb og Bergen brettseilerklubb
- Forsvarsbygg

- Hordaland fylkeskommune

Innspel frå Kystverket.

Verneområdet vil omfatte eit større sjøområde som til dels er trafikkert, med etablerte navigasjonsinnretningar. Til dømes er Ringholmen lykt innanfor plangrensa.

For å trygge ferdsla i sjøområda kan det verte behov for nye anlegg til navigasjonsinstallasjonar, og eksisterande anlegg treng fornying og vedlikehald. Dei ynskjer at det i planverket blir gitt ein generell aksept for etablering, vedlikehald og fjerning av anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar. Syner til plan- og bygningslova §1-8, fjerde ledd og §11-11 nr.4.

Statsforvaltaren sin kommentar

For å imøtekommе dette foreslår vi å innarbeide dette i føresegne under § 7 (Spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

b) Oppføring, drift, vedlikehald og fjerning av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.

Når vi ikkje gir ei generell opning for dette, er det fordi vi treng å ha oversikt over kva som går føre seg i reservatet, og evt styre tiltakstidspunkt mm gjennom eit løyve til tiltak, slik at det takast tilstrekkeleg omsyn til naturverdiane når evt tiltak skal gjennomførast.

Innspel frå Trond Guntveit.

- Det er prisverdig å se at natur-reservatet nå skal gå gjennom en revisjon, for å i større grad være i tråd med dagens situasjon.
- Gir som beboer støtte til utformingen av nytt kart for naturreservatet som i større grad tar hensyn til positive aktiviteter som turgåing og vannsportaktiviteter som vindsurfing, som ikke påfører området støy eller miljøproblemer. Samtidig som det vernar om viktige bestander av sjøfugl og enestående natur.
- Minne om at det finnes flere nøst i området Herdla Sør-Øst i nærheten av snuplass for buss slik at det også blir tatt hensyn til deres eksistens og bruk.

Statsforvaltaren sin kommentar

Vi meinat at vi med det forslaget som blir lagt fram, har tatt omsyn til dei aktivitetane som blir nemnt her, samtidig som forslaget vernar om viktige bestandar av sjøfugl og einestående natur.

Nausta som blir nemnt ligg utanfor det vi no foreslår som verneområde så disse blir ikkje påvirket av dette forslaget.

Innspel frå Endre Kristensen, Herdla ferie og fritid AS.

Dei har «følgt med på vår retorikk og argumentasjon» når det gjelder Herdla Naturreservat og oppsummerar dette slik:

- Hos noen få utvalgte ansatte hos Statsforvalteren (tidl FM) er det en helt spesiell særinteresse for fugler.
- Tidligere har det vært brukt tabloide fremstillinger, der spesielt bildebruk har vært for å skremme heller enn å opplyse. Metodene her har vært tvilsomme, da det er brukt bilder som ikke er tatt ved Herdla for å skremme.
- Svært lite generelt faktagrunnlag knyttet til behovet for innstramming av ferdsel og utvidelse av verneområdet.
- Lokalbefolkingens meninger trosses av Statsforvalteren som en regel.

Vi meiner å se dette i denne pågående revisjonen:

- Det underbygges ikke behovene til fugler.
- Det drøftes ikke utfordring for fuglene relatert til øvrige aktiviteter annet enn at det påstås ting som ikke underbygges.
- Det tas ikke hensyn til andre skapninger enn fuglene.

Ønsker å spille inn til Statsforvalteren at følgende prioriteringer gis nye verneregler:

- lokalbefolning og bedrifter på Herdla gis rett til å kunne bevege seg fritt og gjøre vanlige fritidsaktiviteter både til vanns og til lands.
- Ingen innstramming i bevegelsesfriheten til mennesker, verken til vanns eller lands.
- Alle tiltak skal følge samme saksbehandling og lovkrav som det private må gjennom. Her har vi registrert en betydelig forskjell i søkeradsløsningen for Statsforvalteren i forhold til andre søker.

Har ved tidligere forsøk på innstramninger mobilisert lokalbefolkingen. Herdla ble da betegnet av lokale som en krigssone, og lokalbefolkingen reagerte sterkt på igjen å få bevegelsesfriheten på sitt hjemsted begrenset.

Det burde være unødvendig å legge opp til en slik mobilisering igjen, men det dokumenteres ikke på noen måte behovet for de innstramningene som planlegges.

Dette bærer fortsatt preg av å være særinteresser for noen få saksbehandlere hos Statsforvalteren uten særlig vidsyn på hva Herdla betyr for menneskene som bor her.

Statsforvaltaren sin kommentar

Vi registrerer at innsendar ikkje er nøgd med tidlegare prosessar når det gjeld forslag til endringar på Herdla. Ein del av påstandane er vanskeleg å kommentere, da det er uklart kva det konkret blir sikta til, så vi vel å legge vekt på konkrete forlag og innspel til denne aktuelle prosessen.

Vi meiner at vi både i dette og i tidlegare framlegg har underbygd kvifor vi ønskjer å gjennomføre endringar eller tiltak.

Som innsendar peiker på, har vi i denne prosessen stort fokus på fuglelivet i reservatet. Det er på grunn av fuglelivet at området blei verna i første omgang, området har svært stor verdi for både

trekkande og hekkande fugl. Det er og dessverre slik at det er først og fremst fuglelivet som har utfordringar knytt til den endra bruken av området. Det er dermed naturleg at vi fokuserer på dette, og det er vår oppgåve som forvaltarar av dette verneområde å prioritere desse verdiane framfor omsynet til andre aktivitetar i området. Når det er sagt har vi også forståing for området sin verdi for lokalbefolking og ulike brukargrupper, og har gjort det vi kan for å legge til rette for at alle som ønskjer det skal kunne nytte området. Men der det er konflikt mellom naturverdiane og ulike brukargrupper, må vi prioritere naturverdiane.

Innspel frå Askøy kommune.

Saken har blitt behandlet i møte i Utvalg for teknikk og miljø - 19.08.2021, og det ble gjort følgende vedtak i samsvar med kommunedirektørens innstilling:

- *Askøy kommune er positiv til oppstart av verneplanarbeid for Herdla naturreservat samt forvaltningsplan for området.*
- *Det vurderes at det er fornuftig å gå bort fra modellen med naturreservat med omkringliggende fuglefredningsområde, og at foreslått område i sin helhet får status som naturreservat.*
- *Herdla er et viktig område for fugleliv og naturmangfold, men også for friluftsliv og folkehelse.*
- *Det er viktig å få utarbeidet gode verneregler som ivaretar friluftslivet på en god måte, men uten å gå på bekostning av fuglelivet og naturmangfoldet i området».*

Statsforvaltaren sin kommentar:

Noko av det vi har lagt aller mest vekt på i denne prosessen er å vege desse to faktorane mot kvarandre: friluftslivet opp mot fugleliv og naturmangfold. Vi har ikkje lagt skjul på at sidan dette er eit naturreservat, og sidan vår oppgåve er å forvalte dette til beste for naturverdiane, så har vi lagt aller mest vekt på det siste. Men som det kjem fram av besøksstrategien, så har det og vore viktig for oss å ivareta ålmenta sine interesser i dette området, og vi er klar over at dette området har svært stor verdi som friluftområde for dei lokale både på Herdla, på Askøy, og elles i regionen, og at det er viktig i eit folkehelseperspektiv.

Innspel frå Evelyn Neppelberg og Magne Reime.

- Grunneiere på deler av Litla Agnøy, som ligger innenfor dagens Fuglefredningsområde. Ved en utvidelse av dagens verneområde vil øya inkluderes i naturreservatet.
- Vil presisere at på Litla Agnøy finnes en stor mengde utplantet sitkagran, så øyen er per i dag nesten fullstendig overgrodd av disse trærne. Fremkommeligheten er vanskelig uten aktiv rydding for sti. Unntaket er det ryddearbeidet som eier har utført rundt hytten, for å bli kvitt grantrærne, og årlig fjernes hundrevis av nye sitkaskudd på området som er ryddet.
- Situasjonen er altså ikke slik den beskrives i notatet (s. 2, andre avsnitt) – at skogen er ryddet på aktuelle øyer i område: «Vi føreslår ei utviding av det verna området, slik at heile Agnøyane nord for Herdla inkluderast, med unnatak av ei mindre hyttetomt. Vi vil inkludere desse øyane fordi dei har potensiale som hekkeplass no når skogen på øyane er fjerna. Vi

foreslår òg at ein del av Lamøysundet i sør blir tatt ut av verneområdet. Sjå vedlagt vernekart.»

- Har over mange år observert utallige tilfeller av mink på Litla Agnøy. Det siste året er det også observert oter rundt hytten på øyen viser til observasjoner av kystoppsynsmann ved Statens naturoppsyn Bergen. Disse er velkjente skadedyr for fuglelivet i området.
- Vi som har hytte og eiendom i aktuelle område er selvsagt svært oppatt av god ivaretakelse av dette flotte og viktige naturområdet på Herdla, og imøteser det videre planarbeidet fremover med stor interesse.

I ettertid har Tore Neppelberg, på vegner av grunneigar bemerka følgjande på e-post til oss:

- Vi ønsker ikke at Lille Agnøy skal være med i et utvidet verneområde (Naturreservat?).
Under ingen omstendighet skal vår eierandel av Lille Agnøy være med i det utvidete verneområdet.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Det er rett at det ikkje er fjerna sitka frå Litla Agnøy. Vi ønskjer likevel å inkludere denne øya i reservatet. Det kan vere aktuelt å fjerne skog her i åra framover, dette vil i såfall bli gjort i samråd med grunneigarane.

Når det gjeld mink, så har vi prosjekt på gang med fjerning av mink, men fokus har vore på område som ligg så langt frå land at det vil vere håp om å bli kvitt minken over tid (som til dømes på Fedje). Vi har så langt ikkje gått i gang med å ta ut mink frå Agnøyane, dels fordi desse ligg relativt nær land, slik at det dermed truleg vil komme ny mink til frå land etter kvart som vi tar ut mink, og dels fordi vi ikkje har opplevd at mink har vore eit stort problem her. Om dette skulle endre seg vil vi vurdere dette. Oter er ein art som er naturleg til stades langs kysten, så denne er det ikkje aktuelt å gjere tiltak mot. Oter gjer heller ikkje like mykje skade på fuglelivet som minken gjer.

Når det gjelder tilleggskommentaren der Tore Neppelberg presiserer at dei ikkje vil at eigedommen blir inkludert i det utvida verneområdet, så har vi inkludert denne eigedommen i kartet vi sendte til oppstart fordi eigedommen ikkje er avgrensa frå resten av øya i matrikkel-kartet. Det er naturleg å inkludere Litla Agnøy i verneområdet når Store Agnøy og Naustøyna er med.

Eigedommen ligg innanfor området som til no har vore fuglefredingsområde. Sidan det ikkje er gjennomført kartforretning som formelt trekker opp grensene til eigedommen har vi av praktiske (karttekniske) grunnar ikkje tatt stilling til dette no, men vi vil vurdere dette gjennom høringsprosessen, i samråd med grunneigar. Om eigedommen skal grensast frå naturreservatet vil det kunne gjennomførast kartforretning for eigedommen samstundes som vi trekker grensene for verneområdet.

Innspel frå Kjartan Mæstad, på vegne av vindsportmiljøet.

På vegne av dei som driv med både brettsegling og kitting legg han ved uttala som blei sendt inn då prosessen med endra verneregler blei starta opp i 2014. Denne er oppsummert under.

I tillegg har dei nokre tilleggsargument som ikkje var nevnt i førre runde:

1. I dag benyttes innsiden av Herdla i stor grad til rekruttering, av mindre erfarne utøvere og av de som ønsker flatt vann. Innsiden av Herdla blir også brukt av erfarne utøvere på vinterstid da området er betydelig tryggere enn utsiden av Herdla. Det er ingen andre steder i vår region som har denne unike kombinasjonen.

Utviklingen av windsport går i retning av at flere utøver sporten året rundt. Windsport er også en aktivitet som har fått økt sin popularitet de senere år blant annet på grunn av ny teknologi (foil).

Dersom det aktuelle området stenges for windsport vil det medføre at store deler av denne aktiviteten flyttes til vest siden av Herdla (utsiden av Herdla).

Utsiden av Herdla er betydelig mer risikoutsatt både når det gjelder skipstrafikk og sjø. Store deler av den tunge skipstrafikken går i dette området. En flytting av all windsport aktivitet på Herdla til utsiden vil medføre at risikoen for ulykker øker betraktelig.

2. En stenging av innsiden av Herdla for windsport vil også medføre at rekrutteringen av nye utøvere (her under barn og unge) blir vanskeligere da det er betydelig mer krevende å drive opplæring på utsiden av Herdla. Området er ikke egnet for uerfarne som vil prøve seg på egenhånd.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Sjølv om det aktuelle området er del av reservatet betyr ikkje det at det ikkje skal vere lov å drive med windsportaktivitetar her. Slik foreslaget no ligg føre er det opning for at desse aktivitetane skal kunne halde fram i det området som er viktigast for brukarane. På grunn av det generelle ferdselforbodet vil dette ikkje vere aktuelt på Herdleflaket. Det vil heller ikkje vere lov med windsport i det smale området mellom Lamøy og Herdlavalen, men dette området er heller ikkje i dag nytta til slik aktivitet. Statsforvaltaren har ved fleire høve hatt møte med representantar frå windsportmiljøet, og vi meiner framlegget no tar desse friluftsinteressene i vare i stor grad. Vi opnar for denne aktiviteten i det området som er mest aktuelt for windsportmiljøet, sjølv om også dette området også er viktig for fuglelivet på sjøen, om enn i mindre grad en områda med ferdselforbod.

Innspel frå Forum for natur og Friluftsliv Hordaland (FNF).

Innspill på vegne av Norsk Ornitologisk Forening Hordaland fylkeslag, Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fisker forbund Hordaland og Bergen og Omland Friluftsråd

Er positive til verneprosessen som nå startes opp av Statsforvalteren i Vestland, og støtter sammenslåing og utvidelse av naturreservatet og fuglefredningsområdet til ett naturreservat.

FNF Hordaland er opptatt av at fugler og natur for øvrig skal få best mulig vern og beskyttelse på Herdla, samtidig som at befolkningen får god informasjon om hva som er tillatt, både innenfor og utenfor det fremtidige verneområdet. Mener at utstrakt, enkel og god informasjon er oppskriften på å redusere det potensielle konfliktstålet mellom bruk og vern, siden mange av de besøkende har lite eller ingen kunnskap om det sårbare fuglelivet på og ved Herdla.

Friluftsliv

FNF Hordaland er opptatt av at den nye verneplanen tilrettelegger for ansvarlig friluftsliv på Herdla.

Tatt i betrakting områdets attraktivitet og popularitet, planlegger turlagene en ytterligere satsing på aktiviteter i området. FNF Hordaland ønsker her å spille inn noen lokaliteter som er særlig viktige for utøvelse av friluftslivet i område:

- Valen, grusveien ut til Paddeholha, er særlig viktig for lavterskel-spaserturer.
- Paddeholha, med tilhørende strand og skogsområde.
- Kvitholmane

For å minimere konflikten mellom friluftslivsinteressene og naturverdiene/verneinteressene, mener FNF Hordaland at pedagogisk (enkel) og strategisk plassert informasjon om vernereglene og reservatet er vesentlig.

Minner om at ikke alle kommer til fots (fra bil/buss/sykkel), men også sjøveien, med båt/kajakk.

Det er også nødvendig med en tydelig og godt kommunisert *besøksstrategi*. Skiltene i dag er små og blir ofte oversett eller neglisjert. Knyttet til utvidelse av verneområdet vil det også være nødvendig med skilting på aktuelle øyer og i aktuelle sjøområder.

Det bør etableres avtaler for oppsyn i reservatet for å oppdatere og informere publikum om de oppdaterte reglene for det utvidede reservatet.

Hund i Herdla naturreservat

Flere vitenskapelige studier viser hvor forstyrrende hunder kan være på hekkende og rastende fugler.

En studie på hvitbrystlo utført på Middelhavkysten av Spania viste at rugende fugler gikk av reiret mellom 80 og 96 prosent av gangene når turgåere gikk sammen med hund i bånd. Tilsvarende tall for turgåere uten hund var signifikant mindre. Tilsvarende studier finnes også fra Australia og fjellområder i England. Det at en rugende fugl ikke forstår hvorfor en hund ikke er farlig så lenge den er i bånd, blir dokumentert tydelig i disse studiene.

Det er god grunn for å tenke seg at hunder i bånd forstyrre hekkende fugler på Herdla på samme måte som i studiene som er nevnt ovenfor. Når vi i tillegg vet at Herdla nå er det viktigste hekkeområde for vipe i Vestland fylke, vil FNF Hordaland sterkt anbefale å innføre et forbud mot hund i Herdla naturreservat. Den viktigste perioden for dette forbudet er i hekkeperioden, men vi anbefaler et forbud hele året, siden området er viktig for overvintrende og rastende fugler hele året. Når vi i tillegg vet at mange hundeeiere ikke alltid er så nøyne med reglene om båndtvang og bruker langline der eieren har mindre kontroll over hunden, forsterkes argumentet om et generelt hundeforbud.

Garnfiske og bifangst av fugl på Herdlaflaket

- De grunne områdene på Herdlaflaket, samt sundet ved Lamøy er viktige områder for overvintrende og rastende skarv, dykkender og alkekfugl.

- Flere av artene som bruker disse områdene til næringssøk er rødlistet i Norge og viser negative bestandstrender nasjonalt. Reduksjonen i antall er også dokumentert gjennom flere år med tellinger i området rundt Herdla.
- I forbindelse med fritidsfiske med garn på Herdlaflaket er det ikke uvanlig at noen av disse fugleartene blir tatt som bifangst.
- I en fremtidig ny verneplan for Herdla ønsker vi et forbud mot slikt fiske og anbefaler at dette blir tatt med i den nye verneplanen. Forbuddet må da kartfestes hos Fiskeridirektoratet.

Forstyrrelser i forbindelse med kiting og brettsurfing

- Kiting og brettsurfing er i økende grad blitt en faktor som forstyrrer fuglene på Herdla. Vi ser stadig at denne aktiviteten forstyrrer rastende, overvintrende og hekkende fugler.
- I den nye verneplanen ønsker vi at kiting og brettsurfing anses som unødige forstyrrelser i reservatet, og vi anbefaler derfor et forbud mot denne typen aktivitet hele året, slik at funksjonen som et av fylkets viktigste raste- og overvintringsområder for fugl blir ivaretatt på en god måte.

Vipehekkinger i naturreservatet

- Den sterkt truede vipa (trolig kritisk truet i ny rødliste) har etablert seg som en betydelig hekkefugl i naturreservatet.
- Vipa krever store arealer og ro under spill, hekking og i tiden frem til kyllingene/ungfuglene blir flyvedyktige.
- I 2021 var det rundt 30 reir i reservatet, med en ungeproduksjon på rundt 40 eller mer (viperapport 2021 er p.t. ikke ferdigstilt).
- Relegging av kull ble registrert i juni, med observasjon av pulli i juli.
- Antall besøkende med og uten hund har økt drastisk de to siste årene, noe som skaper forstyrrelser i hekkesesongen. Vipa er tidlig på vingene og bruker mye tid på å sjekke ut og jage innrengere (les besøkende og hunder), tid som ellers skulle vært brukt til rusing og næringssøk.
- Et totalforbud for hund i reservatet i perioden 15. februar til oktober vil øke hekkesuksessen for vipene. Se figur nedenfor som viser plott av vipehekkinger.



Figur som viser oversikt over hvor vipene på Herdla hekket i 2021.

Ferdsselsforbud

- Eksisterende ferdsselsforbud i område Prestvika pluss «vipejordet» bør utvides til å gjelde hele året, sekundært 15. februar til ultimo oktober. Dette av hensyn til hekkende fugler, trekkfugler og overvintrende fugler.
- Det bør også vurderes seilingsforbud i sundet mellom Lamøy nord og Valen.

Avslutningsvis

- FNF Hordaland støtter en utvidelse og innskjerping av verneregler med hensyn til fuglevern.
- I perioden 2000 til 2021 er det observert 57 rødlistede fugler i naturreservat.
- Særlig sjøfuglene har hatt betydelig nedgang og trenger den beskyttelse et naturreservat kan gi.
- Mange vadefugler, ikke minst vipa, sliter også nasjonalt.

- Dette er forhold som må vektlegges tyngre enn hensynet til turgåere og andre brukere i det fremtidige naturreservatet.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Veldig mykje av dette er i tråd med dei observasjonane vi sjølv har gjort, og vi meiner at dette i all hovudsak er gode forslag. Alt dette er innarbeidd i besøksstrategien, og i forslag til ny verneforskrift som ligg føre, med eit lite unntak. Vi har ikkje foreslått heilårleg forbod mot kiting og brettsurfing i heile området, heile året, men har opna for at desse aktivitetane skal kunne gjennomførast i det området som er det viktigaste for desse utøvarane, samstundes som det er mindre viktig for fuglelivet enn områda lenger nord.

Innspel frå Bergen og Hordaland Turlag.

Bergen og Hordaland Turlag i samråd med Askøy Turlag er opptatt av å balansere friluftslivshensyn og naturvernhensyn på Herdla.

Turlaga er positive til ein utviding av naturreservatet og til ein revisjon av vernereglane som både ivaretak omsyn til fugleliv og naturverdiar, og gjev rom for aktivitet og ansvarleg friluftsliv. For at friluftsfolk og besøkande til Herdla skal kunne bidra til å ivareta naturverdiane i området best mogleg, så vil dei oppfordre til satsing på informasjon og utplassering av oppdatert og pedagogisk informasjon om vernereglane og reservatet på strategiske punkt. Minner om at ikkje alle kjem til området via landvegen, men og med båt/kajakk. Det er derfor viktig med god skilting også i strandsona.

Herdla er eit av få lågterskel turområde på nordre Askøy. Turen ut grusveien er hyppig brukt av blant andre barnefamiliar og pensjonistar til rekreasjon og rehabilitering. Mange av desse har hund - som elles i Noreg. Å gå tur med hund er ein viktig del av friluftslivet. Det vil være svært uheldig for både friluftslivet og folkehelsa å ekskludere ein stor del av turgåarane frå Valen fordi dei har hund.

Turlaget vil derfor rå i frå eit heilårsforbod mot hund i heile reservatet, og oppmodar om heller å finne løysingar som skårar fuglane i dei mest utsette områda/tidene på året. Vidare vil vi oppmøde om god og synleg informasjon om eventuelle avgrensa område, viktigheita av bandtvang og viktigheita av å følgje turveg/sti på tur med hund i området.

Viktige friluftslivslokaltetar

Området ved Herdla museum/Herdla fort er base for det årlege DNT-arrangementet *kom deg utdagen*, med opptil 1000 deltakrar, og Bergen og Hordaland Turlag og Askøy Turlag planlegg ytterlegare satsing på aktivitetar i området. I tillegg er fylgjande lokalitetar særleg viktige for utøving av friluftsliv:

- Valen, grusveien ut til Paddeholha.
- Paddeholha, med tilhørende strand og skogsområde.
- Kvitholmane
- Badevik vest for Prestvika (øst for Svarthola)
- Laksevågen (som no ligg utanfor reservatet)

Statsforvaltaren sin kommentar:

Dette er i stor grad i tråd med innspillet frå FNF, sjå våre kommentarar til dei over. Eit viktig unntak er at Bergen og Hordaland Turlag vil rå i frå eit heilårsforbod mot hund i heile reservatet. Vi velger likevel å foreslå eit slikt forbod. Sjølv om vi ønskjer at området også skal kunne nyttast til friluftsføremål, må vi legge vekt på naturverdiane når vi skal prioritere, og i eit naturreservat av denne typen skal vi legge meir vekt på omsynet til naturverdiane enn på omsynet til folkehelse og friluftsliv.

Innspel frå Morten Bjørnstad, grunneigar, Herdla gård.

Har som en stor og aktiv aktør i det aktuelle området noen innspill ift saken.

- Det er svært viktig at jordbruket vi driver i området ikke begrenses utover det det er i dag.
- Ser også at behovet for god skilting for å lede besökende til å bruke stisystemet er prekært. Det er også et stort behov for å ivareta sanitære forhold samt bossutfordringene som følger med så stort besøk.
- Det er også viktig at brukere av området er velkomne på samme vilkår. Ornitologer, surfere, kitere og andre brukere må ivaretas på like premisser. Unntaket er hunder, som godt kan ha et strengere regime (spesielt i beitesesong).
- Ønsker også at linjen for «forslag til ny grense» følger Lamøy og krysser til Herdla i nordenden slik at dette ikke påvirker aktiviteten surfere/kitere har i dag. Dette er en positiv aktivitet som har vært slik i mange år, og det ønsker vi skal fortsette som i dag

Statsforvaltaren sin kommentar

Innspela frå Bjørnstad er imøtegått i våre forslag til vernedokument. Jordbruksaktiviteten blir ikkje avgrensa jamfør dagens situasjon, og vi er og opptatt av å betre skilting og informasjon til dei besøkande. Vi foreslår eit totalforbod mot hund i reservatet, dette vil vere gunstig både for fuglelivet i reservatet, og for beitedyr i området. Vi har ei anna avgrensing av reservatet i sør enn det Bjørnstad foreslår, men samstundes har vi opna for at kitarane skal kunne nytte det området dei nyttar i dag, innanfor reservatgrensa.

Innspel frå Stian Håboldøy


- Driver med villsau på øyene rundt Herdla, Skarvøy, Lamøyna, Jakobsøyna Agnøyna og Little Agnøyna.
- Registrer at det er mer "fugleliv" på f.eks Agnøyna og Lamøyna etter at bla.sitkaskog og berg/vri furu vart fjerna.
- Basert på erfaringene fra Lamøyna og Agnøyna skulle han sett at sitkagran blei fjernet på Jakobsøyna og Little Agnøyna, dette ville vært positivt for fuglelivet, det ville jo selvsagt lagt grunnlag for eit bedre villsau beite.
- Visst naturreservatet blir utvida ser eg det som en forutsetning at sitkagran og problem furu innenfor nytt reservat blir fjerna, ellers har det liten betydning for fuglelivet.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Som nemnt i vår kommentar til Evelyn Neppelberg og Magne Reime over, kan det vere aktuelt å fjerne skog også frå Litla Agnøy, men at dette i såfall vil skje i samråd med grunneigarane på øya. Jakobsøy ligg imidlertid utanfor det området vi foreslår som naturreservat, og det vil dermed vere mindre aktuelt her. Frå ein naturfagleg ståstad vil fjerning av sitkagrana vere positivt også på Jakobsøy, men dette ligg utanfor mandatet til forvaltingsstyremakta.

Stig Svåsand, representant for vindsportmiljøet

- Denne saken diskuteres mye i brettseiler miljøene. Herdla Innsiden som Brettseilere kaller stedet (se bilde med blå strek som indikerer ca hvor det seiles), er en av de ypperste stedene for brettseiling i hele Vestland.
- Det er fin tilkomst, god plass, vindsikkert, en sikker plass å øve for nye til sporten, og kanskje det eneste stedet med ganske flatt vann (kombinert med sterkt nok vind) som gjør det mulig å seile sikkert uten å engste seg for å bli tatt av sjøen. Det er alltid mulig å komme seg opp igjen på brettet eller sikkert til land. Dette til stor forskjell fra andre steder der man har mye sjø og risikerer å drifte langt eller til usikret sted/land om noe går galt.
- Brettmiljøet i Bergen vil eg si ser en liten oppsving og vi er helt avhengig av å ha Innsiden å øve på, det gjelder både relativt nye og de som er erfarne.
- Hensikten med mailen er å sende over to innlegg, det er ikke fra Herdla spesifikt men situasjonen og argumentasjonen er identisk:
 - [Statlig marginalisering av norske brettsportmiljøer | Windsurf | FRIFLYT.NO](#)
 - [Yngve Sundsfjord pågropet av fugletitter | Windsurf | FRIFLYT.NO](#)
- Det er på tide å "ta en fot i bakken" her og erkjenne hva man faktisk driver med når vindsport/brettseiling tenkes å ekskluderes fra gitte områder. Det er fra meg, som en aktiv Brettseiler på Herdla Innsiden, vanskelig å forstå at det er risiko for at eg påvirker dyrelivet i området, dette til motsetning til de 'hordene' av mennesker som valfarter til Herdla og gjerne går på tur - og med støyende hunder på slep (satt litt på spissen).
- Det blir helt feil, slik som det dessverre er allerede mange andre steder i vårt land, å innskrenke mulighetene for brettseiling. Sporten trenger gode steder for å kunne utøves, om dette innskrenkes ytterligere på Herdla så vil det medføre en fullstendig ødeleggelse av muligheter for å seile og være et definitivt punktum for mange av oss som seiler.
- Det finnes ikke tilsvarende/alternative steder å seile i Vestland.
- Nei til mer restriksjoner for vindsport/brettseiling, og ja til tilrettelegging.
- Ber om at dere setter dere inn i argumentasjonen som fremgår av innleggene linket over, og vektlegger det som er korrekt og viktig i saken. Dere må ikke med vitende vilje gjøre samme feilen som mange før dere har gjort, eg er veldig bekymret for at dere som bestemmer ikke har kunnskap (så ærlig må eg være) om hva brettseiling egentlig er.
- Brettseiling høres for mange ut som noe voldsomt inngripende, men det er det jo sannelig ikke, den som påstår noe annet er ikke opplyst nok til å forstå



Statsforvaltaren sin kommentar:

Sjå vår kommentar til vindsportmiljøet over.

Gjennomgang av innspel til oppstartsmelding for revisjon av verneregler for Herdla naturreservat i 2014

Det kom inn sju innspel til høyringa:

- Meland kommune
- Herdla ferie og fritid AS
- Norsk ornitologisk forening Hordaland
- Fiskeridirektoratet
- Bergen kiteklubb og Bergen brettseilerklubb
- Forsvarsbygg
- Hordaland fylkeskommune

1. Meland kommune

Meland kommune skriv i brev datert 28. august 2014 at dei ikkje har merknadar til arbeidet med ny verneplan for Herdla naturreservat, men at dei ser på revidering av vernereglane som positiv vidareutvikling av naturreservatet.

2. Herdla ferie og fritid AS v/Endre Kristensen

Herdla ferie og fritid AS har uttrykker skepsis til ny verneplan for Herdla naturreservat med kringliggjande fuglefredingsområde. Merknader i brev datert 26/9 er samla under:

- Det verkar som Fylkesmannen sitt underliggende mål er å etablere eit permanent fuglereservat utan annan ferdsel på Herdlevalen.
- Fylkesmannen brukar sterke og tabloide virkemiddel for å fremje sitt syn og dokumenterer ikkje godt nok effekten av gjennomførte tiltak på fuglelivet.
- Folket på Herdla er mot restriksjonar på ferdsle i vernesona.
- Folket på Herdla ønskjer kitesurf- og brettsegglarmiljøet velkomne.
- Ein kan ikkje samanlikne ferdsle på dei store utfartsdagane om våren med at nokre få fastbuande tar ein rusletur midt-vinters i nærmiljøet.
- Det er vanskeleg å forstå kravet om ferdslerestriksjonar for nokre få menneske midt-vinters når eit hundretals storfe beitar i området i hekketida.
- Heller enn å avgrense tilgang til Herdlevalen burde Fylkesmannen legge til rette for andre område på Askøy der barn og funksjonshemma kan komme seg ut i frisk luft.
- Eit fugleobservasjonstårn i på Herdlevalen vil virke som ein magnet på besökande samstundes som ein argumenterer med at mykje ferdsel på valen er eit problem.
- Det verkar som Fylkesmannen sine representantar legger mei vekt på eigen, privat særinteresse for fuglar enn på andre, like viktige, interesser.
- Det er suksessfaktor for Fylkesmannen å følgje ein moderat og pragmatisk linje og ha folket på Herdla med seg.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Sjå vår kommentar til Endre Kristensen over.

3. Norsk ornitologisk foreining Hordaland (NOF Hordaland)

NOF Hordaland skriv i brev datert 13.10.2014 at dei er positive til ein revisjon av verneregular og vernegrenser på Herdla. Dei skriv at eit naturreservat først og fremst må ivareta artane som ligg til grunn for vernet og annan aktivitet må tilpassast slik at det blir mogleg.

I brevet trekker NOF Hordaland fram følgjande moment:


- Herdla er ein primærlokalitet for fugl i Hordaland – eit viktig område for trekk, overvintring og hekking.
- Herdla har Hordaland sin største hekkeførekomst av vipe (NT). Arten er under press pga. omlegging og modernisering av landbruket og har få beskytta hekkeområde igjen i Hordaland.
- Svarthalespove er ein prioritert art som nyttar Herdla som rasteområde både på vår- og høsttrekk.
- NOF Hordaland ser det som naturleg og naudsynt å utvide reservatgrensen og verneforskrift i tråd med kunnskap om verdien av denne biotopen på Vestlandet.
- Det er naudsynt med grep som regulerer aktiviteter i reservatet som verkar sterkt forstyrrande på fuglelivet.
- NOF Hordaland har følgt utviklinga dei seinare år med uro. Herdla verkar å vere eit ynda rekreasjonsområde for innbyggjarane på Askøy og i Bergen, i tillegg aukar aktivitetar som brettsegling, kajakkpadling og fritidsfiske.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Sjå vår kommentar til FNF over

4. Fiskeridirektoratet

I brev datert 13.10.2014 gjer Fiskeridirektoratet merksame på at det registrert eit reketrålfelt i Sætreosen mellom Asøy og Meland kommunar. Den djupaste delen av Sætreosen er rekna som eit godt rekefelt der det tidvis går føre seg fiske med botntrål. Det er berre den nordvestre delen av feltet som inngår i planområdet for naturreservatet.



Fiskeridirektoratet ser ikkje trålfiske som konfliktfylt i høve med verneføremålet som handlar om bevaring og sikring av fuglelivet på Herdla. Tråling skjer på djupare farvatn og i all hovudsak utanfor verneområdet. Fiskeridirektoratet ber difor om unnatak frå ferdslererstriksjonar på sjø for næringsfiske i registrert rekefelt.

Statsforvaltaren sin kommentar

Vi foreslår ikkje ferdslererstriksjonar i dette området, men det vil ikkje vere i tråd med verneforskrifta å drive med botntråling innanfor reservatgrensa, (jf § 3g Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode). Sidan dette dreiar seg om ein svært liten del av det aktuelle reketrålfeltet, og sidan dette var eit innspel vi mottok i 2014, og som ikkje blei gjentatt i 2020, lar vi forslaget stå, så kan vi avklare med fiskeridirektoratet om dette framleis er ei aktuell problemstilling i løpet av den vidare prosessen.

5. Bergen kiteklubb og Bergen brettseilerklubb v/Geir Helge Nygjerde

Dei to klubbane som driv vassport på sørssida av Herdlevalen har meldt inn ei samla uttale datert 14.10.2015 der dei uttrykker uro rundt konsekvensane av verneplanen for deira aktivitet. Innhaldet i brevet er summert opp under:

1. Herdla som utgangspunkt for å drive vindsport:

- Herdla er spesielt godt eigna for brettsport og plassen er unik i Hordaland:
- Ein lyt sør til Jæren eller nord til Vigra for å finne like gode tilhøve.
- Herdla har flat topografi og ein eksponering i kystlandskapet som gjer at vinden er jamn. Andre stader med ujamn vind og därlege strender gjer aktiviteten risikofylt.
- Stabil vind, trygg tilgang opp og ned frå sjøen og høve til å redde seg i land er viktige kriterieier for at vindsport skal vere trygt.
- Området sør for Herdlevalen er den tryggaste plassen å drive vindsport i vår region.
- På innsida av Herdla blir det drive vindsport i perioden april-oktober, særleg ved vind frå nord og nordvest. Det er vanlegvis gode nordavindsperioder i mai og august. Det er liten aktivitet i vinterhalvåret.

2. Fylkesmannen sitt forslag til ny grense gjer utøving av vindsport vanskeleg.

- All segling med brett og kite skjer 90° på vindretninga. Dette fører til at segling i vind frå nordvest vil skje rett inn mot Lamøysundet parallelt med Valen.
- Kryssing og lensing er knapt nok segltekニisk mogleg med dei grensene som Fylkesmannen foreslår i oppstartsmeldinga.
- Det er vanskeleg å akseptere at annan ferdslle skal tillatast og leggast til rette for, medan vindsport skal vere umogleg å halde på med.

På bakgrunn av diskusjonen på informasjonsmøtet har vindsportklubbane føreslått ei alternativ grense sør for Herdlevalen som vil gjere at vindsport kan halde fram på Herdla også i framtida:



Statsforvaltaren sin kommentar

Sjå vår kommentar til innspel fra brettseglarmiljøa over.

6. Forsvarsbygg

Forsvarsbygg har følgjande merknader til verneforslaget i brev datert 15.10.2014:

- Forsvarets teneste ved Herdla målestasjon skal førast vidare.
- Aktiviteten i etablerte anlegg og testfelt i sjøen nær Herdla må kunne fortsette sjølv om forsvaret ikkje lenger har drift på Herdla fort.
- Den utvida delen av reservatet fell saman med skyte og øvingsfeltet SØF V-12 i sjøen i sør-sørøst. Dette øvingsfeltet må haldast intakt, og for framtidige operasjonar med fregatthelikopter som er stasjonert på Haakonsvern når det ikkje er om bord på fartøy.

Statsforvaltaren sin kommentar

Forsvaret sin aktivitet i planområdet for naturreservat er svært liten i dag samanlikna med tidlegare. Verneforskrifta legg opp til at etablerte installasjoner i verneområdet skal kunne nyttast som før og haldast ved like, samt at Militær aktivitet i sjøforsvaret si forbodssone på Herdleflaket og øvingar og aktivitet i skyte- og øvingsfelt SØF V-12 i Hjeltefjorden skal kunne halde fram.

7. Hordaland fylkeskommune


Hordaland fylkeskommune skriv at dei støttar forslaget om å gjere eksisterande fuglefredingsområde til naturreservat og at reservatet blir utvida med nytt areal slik det er føreslått. Det er sentralt at turgåing, rekreasjon og andre aktivitetar ikkje er til blempe for fuglelivet, spesielt ved hekking. Det er positivt at ein ønskjer å revidere gjeldande verneforskrift, og å få på plass meir tidmessige løysningar.

Dei skriv og at det bør vurderast å ikkje utelate ein del av Lamøysundet i sør frå verneområdet. Delar av Lamøysundet er ein sentral rastepllass for blant anna ender og sjøfugl, spesielt ved vind frå nord.

Statsforvaltaren sin kommentar

Det aktuelle området i sør er eit område som tidlegare var del av fuglefredingsområdet, men som ikkje var del av naturreservatet. Vi ser at området ikkje er utan verdi for fuglelivet, men når vi likevel ikkje foreslår å inkludere dette området i naturreservatet, er det fordi landareala i dette området i dag er nytta til ulik verksemd som har vore etablert i området i lang tid (naust, badepllass mm). Dette er aktivitet som var foreinleg med eit fuglefredingsområde, men som det ikkje er naturleg å inkludere i eit naturreservat. Verken landareala eller sjøområda som følgjer med den nye grensetrekkinga har så viktige naturkvalitetar at vi ville prioritert å inkludere dei i eit naturreservat om grensene skulle trekkast på nytt i dag.

Vedlegg 3: Forslag til nye verneregler og vernekart



Forslag til nye vernegrenser og område med ferdselrestriksjonar.

Forslag til vernereglar

Forskrift om vern av Herdla naturreservat i Askøy og Alver kommunar, Vestland fylke

Fastsett ved kgl. res. av xx.xx.202x i medhald av lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven), § 34 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifa er å ta vare på våtmarksområde og marine grunnvassområde som har særskilt betydning for biologisk mangfold. Det skal takast vare på trua natur og verdfulle geologiske førekomstar.

Dei spesielle landformane og dei enorme lausmasseavsetningane frå siste istid legg grunnlag for eit rikt og variert fugleliv med fleire trua og sårbare fugleartar. Området er viktig både som hekkelokalitet, rasteområde i trekktida og som overvintringsområde. Område med viktig næringssøks- og hekkefunksjon, både på land og i grunnvassområda, må gis eit særskilt skydd. For grunnvassområda gjeld dette både botn, vassøyle og vassoverflate. Det finst og trua naturtypar i området.

Det er ei målsetting å ta vare på og utvikle verneverdiane videre.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Askøy kommune: 42/1, 42/4, 42/49, 42/77, 42/103, 42/104, 42/105, 42/119, 42/120. Alver kommune: 355/63 (Ringholmen).

Naturreservatet dekker eit areal på om lag 5,16 km², der 3,8 km² er sjøareal.

Vernegrensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i terrenget. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Askøy og Alver kommunar, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som i går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.

- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det er forbode med hund i reservatet.
- d) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, akvakultur, havbeite, opplag av båt, campingvogner og liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og andre formar for tørrlegging, uttak og lagring av masse, ny utføring av kloakk og annan konsentrert tilførsle av ureining og etterlating av avfall. Opplinga er ikkje uttømmande.
- e) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- f) Bruk av dronar, undervassdronar, modellfly, dragar og liknande er forbode i heile verneområdet.
- g) Jakt, fangst og bruk av skytevåpen og fiske med garn og ruse er forbode.
- h) Camping, oppsetting av telt og kamuflasjeinnretningar og bålbranning (inkl eingongsgrill) er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nötter og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Drift av eksisterande jordbruksareal på innmark, herunder gjødsling, bruk av sprøytemiddel og vedlikehald av grøfter.
- d) Skjøtsel av kystlynghei på øyer og holmar i samsvar med skjøtselsplan for området.
- e) Militær aktivitet i sjøforsvaret si forbodssone på Herdleflaket og øvingar og aktivitet i skyte- og øvingsfelt V-12 i Hjeltefjorden.
- f) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, stiar, gjerder, anlegg og innretningar.

§ 5 Regulering av ferdsl

All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsl:

- a) Motorisert ferdsl til lands, inkludert landing og start med luftfartøy, er forbode.
- b) Flyging lågare enn 300 m over verneområdet er forbode
- c) Sykling, også med elektrisk sykkel, riding og bruk av hest er forbode.
- d) Av omsyn til fuglelivet skal ferdsl gjennom innmark (på Herdlevallen) skje etter trasear som er avmerkt på kart og vist på skilt.
- e) I følgjande område merkt på vernekartet er all ferdsl, herunder padling, kiting og windsurfing, forbode heile året.
 - a. Eit område på land i området Prestvika-Urdneset. Området er merkt med A i vernekartet.
 - b. Eit område på vatn – Herdleflaket. Området er merkt med B i kartet.
 - c. Eit område på vatn mellom Herdlevallen og Lamøy. Området er merkt med C i vernekartet.

§ 6 Generelle unnatak frå ferdelsreglane

Ferdelsreglane § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak knytt til ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unnataket gjeld ikkje øvingskøyring.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorisert ferdslle knytt til jordbruksdrift jf § 4 b, c og d.
- b) Sykling, også med elektrisk sykkel, på vegen frå inngangen til reservatet i sør til Paddeholha, vist på vernekartet.
- c) Naudsynt tilkomst med båt til hytte på Lamøy.
- d) Naudsynt tilkomst med båt i samband med jordbruksdrift på Lamøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Felling av vilt som kan skade verneverdiane.
- b) Skadefelling av vilt i samsvar med viltlova og viltforskrifta. Løyvet må ikkje føre til vesentleg skade på verneverdiane.
- c) Fjerning av vegetasjon som ikkje er stadeigen.
- d) Oppføring, drift, vedlikehald og fjerning av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjoner.
- e) Naudsynt motorferdsel knytt til aktivitetar nemnt i § 4 punkt e og f.
- f) Vedlikehald og istandsetting av eksisterande kulturminne.
- g) Oppsetting av gjerde i samband med landbruksdrift.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningslinjer for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltingsmynde etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan deleger styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift 28. juni 1985 nr. 1357 om fredning for Herdla naturreservat med tilliggende fuglelivsfredning, Askøy og Meland kommuner, Hordaland oppheva.

Bergen, xx.xx 202x.

Statsforvaltaren i Vestland

Soner med ferdslereforbod:

